

Song til Åmotsdalen

Mel.: Vestland, Vestland.

Eg helsar deg, du fagre Åmotsdal –
den viltre elv med mange fossefall,
og skog som veks i jord så grøderik,
med fjell ikring – eg helst vil sjå deg slik.

Hit går min lengt, du fagre Åmotsdal –
du gjer meg varm, - mi panne held du sval.
Du talar til meg, vennesæl og god,
og byr meg kvil når dagen fell til ro.

Du byr deg fram langs stille seterveg,
mot høgdedrag eg går med lette steg.
Til vide myrer opp ved Tverrfjellfot –
der finn eg hjartefred og sjelebot.

Når våren kjem med sjo frå nakne fjell,
når fuglelåt ber langt ein stille kveld,
og knoppar sprett, ditt hjarta byrjar slå,
ein betre plass kan ingen finna då.

Ein sommardag med himmel høg og blå –
heilt vest i dalen kan eg Ryggen sjå.
Når du er kledd i vakker blomsterflor,
mitt paradís du blir på denne jord.

Så kjem ein dag med fargelet om tind,
med ruskever og regn og kalde vind.
Då takkar eg for minner som ligg att,
dei gøymer eg i hugen som ein skatt.

Ja, sjøl om vinterdagen kjennes kald,
min tanke går mot deg, du Åmotsdal.
Der går det skispor over kvite vang,
der krysser harespor ditt vide fang.

Om harde tider kjem på framtidsveg,
du gull er verdt, vi slår ein ring om deg –
den slekt som sidan vegen vandra skal,
må og bli glad i deg, du Åmotsdal.